# DEN NORSKE KIRKE
Øvre Eiker kirkelige fellesråd

## Innkalling til møte

**Utvalg** Øvre Eiker kirkelige fellesråd
**Møtedato** 30.03.2023
**Møtetid** kl. 18:00
**Møtestad** Vestfossen kirke

Meld frå om eventuelt forfall.

**Innkalla:**
Anne-Jorun Bakken, Tone Bogen, Oddvar Etnestad, Lone Husby, Ola Nordli Johansen, Vivian Furuseth Kaasa, Håvard Lind, Borghild Lobben, Anton Lundteigen, Torbjørn Sylte, Frank Eugen Vrabel.

**Sakliste**

Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

**Meldingssaker**

**000006 Arbeid med straumsparingstiltak**

**000007 Informasjon om lysforholda i Vestfossen kirke**

**000008 Informasjon om arbeidet i og rundt Vestfossen kirke**

**000009 Lyd og lydutstyr i kyrkjene**

**000010 Personalinformassjon**

**000011 Anna informasjon**

**000012 Evt.**

**Vedtakssaker**

**Sak 004/23 Vurdere å endre namn på Vestfossen kirke til Vestfossen kulturkirke (Dok: 23/00011-002)**

**Sak 005/23 Søknad om symbolsk flytting til namna minnelund (Dok: 23/00013-001)**
Det er komen inn ein søknad som fellesrådet må ta stilling til.

**Sak 006/23 Årsmelding og rekneskap for 2022 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd (Dok: 23/00014-001)**

Vel møtt!

Hokksund 29.03.2023

Lone Husby(s)
Leiar


| Adresse: | Tlf/faks | E-post/Internett: | Org.nr.: |
|---|---|---|---|
| Prof. Hans Strøms vei 10<br>3300 HOKKSUND | Tlf: 975 99446 | kirkevergen@eiker.kirken.no<br>www.eiker.kirken.no | 976 990 218 |

# DEN NORSKE KIRKE
Øvre Eiker kirkelige fellesråd

***Møtebok for Øvre Eiker kirkelige fellesråd***

**Møtedato:** 31.01.2023
**Møtetid:** kl. 18:00
**Møtested:** Haug Menighetssenter

**Tilstede:**
Borghild Lobben, Lone Husby, Torbjørn Sylte, Anton Lundteigen, Frank Eugen Vrabel, Ola Nordli Johansen, Tone Bogen, Oddvar Etnestad.

**Forfall:**
Anne-Jorun Bakken, Håvard Lind, Vivian Furuseth Kaasa.

**Innkalling til møtet og møtebok frå fellesrådsmøtet 29.11.22. vart godkjent utan merknad.**

## Orienteringssaker:

**Sak 01** **Vestfossen urnelund har fått godkjenning frå Statsforvaltaren**
Det vert gjennomført vigsling 12.02. og offisiell opningsmarkering vert over påske

**Sak 02** **Arbeid med straumsparinstiltak i kyrkene held fram**
Det vert no montert ny straumstyring i Bakke, Fiskum og Haug

**Sak 03** **Knut Lande og Reidun Bollerud har fått kommunen sin kulturpris for 2022**
Arbeid for Fiskum gamle kirke var sentralt i grunngjevinga.

**Sak 04** **Ny kontaktperson for fellesrådet i Øvre Eiker kommune.**
Kommunalsjef Sunsanne Vist er vår nye kontakt for fellesrådet i Øvre Eiker kommune. Kirkevergen hadde første møte 23.01. og orienterte om sakene derfrå, Tjenesteleder for idrett og aktivitet, Arve Hauklien Røren deltok også i møtet.

**Sak 05** **Det er ein søkjar til kapellanstillinga**
Tilsetting vert 6. mars i bispedømmerådet

## Vedtakssaker:

**Sak 001/23 Budsjettrapport pr 31.12.22.**

*Forslag til vedtak:*
Fellesrådet tek orientering om foreløpig rekneskapsstatus for 2022 til vitande.

*Vedtak:*
Fellesrådet tek orientering om foreløpig rekneskapsstatus for 2022 til vitande.

**Sak 002/23 Budsjett for 2023 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd**

*Forslag til vedtak:*
Budsjett for 2023 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert vedteke slik det ligg føre med bruk av 384.000 frå disposisjonsfondet.

*Møtebehandling:*
Nytt punkt i vedtaket: Ein tek i bruk inntil 750.000,- av premiefondet i KLP for å dekke inn forventa auke i pensjonskostnader.

*Vedtak:*
1. Budsjett for 2023 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert vedteke slik det ligg føre med bruk av 384.000 frå disposisjonsfondet.
2. Ein tek i bruk inntil 750.000,- av premiefondet i KLP for å dekke inn forventa auke i pensjonskostander.

**Sak 003/23 Verneplan for gravminner i Øvre Eiker**

*Forslag til vedtak:*
1. Øvre Eiker kirkelige sluttar seg til vurderingane til kirkevergen
2. Fellesrådet ber kirkevergen kome tilbake til fellesrådet med framlegg til mandat, framdrifsplan og finansiering av prosjektet.
3. Planarbeidet, særleg mandat og finansiering, må avklarast i samarbeid med Øvre Eiker kommune.

*Vedtak:*
1. Øvre Eiker kirkelige sluttar seg til vurderingane til kirkevergen
2. Fellesrådet ber kirkevergen kome tilbake til fellesrådet med framlegg til mandat, framdrifsplan og finansiering av prosjektet.
3. Planarbeidet, særleg mandat og finansiering, må avklarast i samarbeid med Øvre Eiker kommune.

Lone Husby Flaten
Leder

Oddvar Etnestad
kirkeverge

**DEN NORSKE KIRKE**
Øvre Eiker kirkelige fellesråd

| | |
|---|---|
| Dato: | 22.03.2023 |
| Arkivsak | 23/00011 |
| Dokumentnummer: | 23/00011-002 |
| Arkivkode: | 411 |
| Saksbehandler: | Oddvar Etnestad |

| Saksnr | Sak | Møtedato |
|---|---|---|
| 004/23 | Vurdere å endre namn på Vestfossen kirke til Vestfossen kulturkirke | 30.03.2023 |

## Saksfremstilling

I menighetsrådsmøtet 21.03.23. gjorde Vestfossen menighetsråd dette vedtaket i sak 14/23:

1. Vestfossen menighetsråd ynskjer å gjennomføre ei vurdering om ein skal skifte namn frå Vestfossen kirke til Vestfossen kulturkirke.

2. Menighetsrådet ber kirkevergen ta saka opp i neste fellesrådsmøte, og følge saka vidare i tråd med saksutgreiing.

3. Menighetsrådet tek sikte på å gjere vedtak på første møte i haust, på bakgrunn av innspela som er komne inn.

Bakgrunn for vedtaket i menighetsrådet, var kirkevergen sitt innspel til Vestfossen menighetsråd, om rådet ville opne opp for ein prosess med vurdering av å endre namn frå kirke til kulturkirke

Utgreiinga som vart lagt fram og vurdert i menighetsrådet:
«Vestfossen kirke var ferdig og teken i bruk i 2010, og namnet vart, ikkje overraskande, Vestfossen kirke, eit naturleg namnevalg.

Sjølv om Vestfossen kirke er eit naturleg namn, ber kirkevergen menighetsrådet vurdere om ein skal starte ein prosess for å vurdere å endre namn. Menighetsrådet skal ikkje ta stilling til namneendring no, men ta stilling til om ein vil starte og legge til rette ein prosess for å vurdere namnet. Så må sjølvsagt MR kjenne seg heilt fri til å sei nei til prosessen, eller utsette saka om ein ynskjer å bruke litt tid på å vurdere dette. I tilfelle, så kan kirkevergen ta seg av saksbehandlinga.

<u>Kva er grunnlag for å gjere ei slik vurdering?</u>
Eit kirkebygg er eit kulturbygg, treng ein å ta det inn i namnet? Hovedgrunnen til å fremme saka, heng sjølvsagt saman med Vestfossen som «kulturhovedstad.» Det å ta kultur inn i namnet, kan vere ei markering av at ein vil vere tettare på kulturarbeidet i Vestfossen. Å bli rekna med som ein del av kultursatsinga i Vestfossen kan bety mykje for bruk og aktivitet og kyrkja si rolle i Vestfossen. Vi er i gang med å etablere god dialog med skulane, som også kan bi ein viktig del av dette. Så har også kyrkja ei utforming som legg godt til rette for mange ulike aktivitetar. Kirketorget er eit flott rom som er innbydande og ligg til rette for aktivitet som ikkje naturleg høyrer til i kyrkjerommet.

Kva så i forhold til dei andre kyrkjene i Øvre Eiker. Som sagt så er alle kyrkjer kulturbygg og dermed «kulturkyrkjer.» Til dømes så vil Fiskum gamle kirke også vere naturleg å kunne kalle kulturkirke. Men det eine treng ikkje å utelukke det andre, sjølv om Fiskum gamle kulturkirke høyrest noko tungt ut. Men i første rekke må menighetsrådet ta ein vurdering av Vestfossen, og fellesrådet drøfte heilskapen, og arbeide med strategi for å auke bruken av kyrkjene totalt sett.

Så er det grunn til å tru at kulturkirke-namnet vil vere eit godt grep for å skape merksemd og bidra til å

trekke til seg fleire eksterne konsertar. Øvre Eiker ligg mellom Kongsberg og Drammen som har kyrkjer med svært mykje konsertar og kulturaktivitetar. Vi har god plass til å ta over noko av den aktiviteten og med det auke tilbodet for våre innbyggarar.

Om ein får til ein auke i aktiviteten i Vestfossen, så kan det også kome dei øvrige kyrkjene til gode. Det skjer ikkje automatisk, men gjennom eit godt strategisk arbeid, kan ein godt få det til! Når ein får på plass planlagt historisk orgel i Haug kirke, så vil ein der trekke til seg nye konsertar. Vestfossen kirke trekker neppe til seg mange som vil gjennomføre orgelkonsert, men det er den alle beste kyrkja vi har til dei som kjem har mykje utstyr med seg. Det er flatt inn og god plass, det gjer at det er lite slitasje på bygget.

Vi har mange flotte kyrkjebygg, der alle har sine særpreg, og dette kan vere eit tiltak for å ta dei endå meir i bruk. Ei slik vurdering kan også vere ei bevisstgjering av kva kyrkje vi skal vere, er det å endre namn eit tiltak for å endre noko, eller er det å endre namn ei understreking av det ein allereie er.

«Historisk har kirken alltid vært opptatt av kunst og kultur. I senere tid har det blitt mer vanlig å trekke dette inn i kirkerommet. Det skal være plass til hele bredden av kulturelle uttrykk. Ikke noe sant menneskelig er Gud fremmed, alt som bygger oss opp hører hjemme i kirken også.» Sven Gran i Son kulturkirke.

I 2010 vart det gjennomført «en kartlegging av kulturaktiviteter i to bispedømmer i Den norske kirke» i regi av Stiftelsen kirkeforskning. Tunsberg bispedømme var det eine, og såleis er vi ein del av den undersøkelsen. Resultat av denne ligg føre i ein 90 siders rapport. Den kan vere litt nyttige refleksjonar. Søk på «Kultur i kirken. Prosjektrapport Kifo.»

Med forbehold om positivt vedtak, føreslår kirkevergen denne saksgangen. Viss det vert negativt vedtak i prosessen, vert saka sendt tilbake til menighetsrådet for ny behandling og vurdering om ein skal avslutte saka, eller fremje den på ny.

1. Fellesrådet behandlar saka på sitt møte 30. mars
2. Menighetsrådet informerer på menighetens årsmøte 23. april
3. Informasjon i menighetsbladet som kjem ut rundt 1. juni
4. Kirkevergen sender saka til kommunen for vurdering
5. Kirkevergen utarbeider og sender søknad til språkrådet
6. Menighetsrådet vurderer å ta saka opp på eit soknemøte i august, og kan då presentere innkomne innspel.
7. Menighetsrådet gjer vedtak på sitt første møte i haust
8. Fellesrådet gjer vedtak på sitt første møte i haust
9. Søknad vert sendt til bispedømmet for godkjenning

Det er viktig for kirkevergen å presisere at menighetsrådet ikkje tek stilling til namn på dette møte, men menighetsrådet tek stilling til om det skal gjennomførast ei vurdering. Namn er namn, og det er viktig å gjennomføre ei grundig runde på dette, slik at alle meiningsberande får kome til orde. Og namneendringar skal ein berre gjennomføre om ein har «folket med seg» Det er ikkje noko ein skal tvinge gjennom, men kirkevergen ber rådet vurdere om det bør vurderast utifrå dei punkta som kjem fram i saksutgreiinga.»

På bakgrunn av menighetsrådet sitt vedtak, legg kirkevergen saka fram for fellesrådet. Det er viktig å presisere at fellesrådet er i dette vedtaket berre tek stilling til prosess, og ikkje til OM ein skal endre namn.

## Forslag til vedtak

1. Øvre Eiker kirkelige fellesråd sluttar seg til vurderingane frå kirkevergen og vedtak 14/23 i Vestfossen menighetsråd, at det vert gjennomført ein prosess med vurdering om å endre namn frå Vestfossen kirke til Vestfossen kulturkirke.

2. Saka vert lagt fram for menighetsråd og fellesråd haust 2023 for vedtak.

# DEN NORSKE KIRKE
Øvre Eiker kirkelige fellesråd

| | |
|---|---|
| Dato: | 16.03.2023 |
| Arkivsak | 23/00013 |
| Dokumentnummer: | 23/00013-001 |
| Arkivkode: | 553 |
| Saksbehandler: | Oddvar Etnestad |

| Saksnr | Sak | Møtedato |
|---|---|---|
| 005/23 | Søknad om symbolsk flytting til namna minnelund | 30.03.2023 |

**Saksfremstilling**
Det er kome inn ein søknad om symbolsk flytting til namna minnelund. Utifrå forskriftelene er det ikkje høve til å gjennomføre symbolsk flytting til namna minnelund, men det er no opna opp for at ein kan søkje departementet om dispensasjon frå lovverket. Om ein får positivt svar på søknaden, er det ikkje berre svar på denne konkrete søknaden, men det vil vere ei generell opning for dette. Då vil dette måtte innarbeidast i vedtektene slik at ved framtidige søknader, skal behandlast på samme måte som symbolsk flytting til ei anna grav. Fellesrådet vil då sitte med avgjersmynde på symbolsk flytting til namna minnelund, slik fellesrådet i dag handterer søknad om symbolks flytting.

Vi har motteke denne søknaden, kirkevergen har anonymisert søknaden sidan behandling av søknaden ikkje berre gjeld denne, men også evt nye tilsvarande søknader. Det er som sagt difor ein søknad av prinsippiell karakter, og søknaden er difor ikkje unnateke offentleg handsaming.

Søknad:

Vår mor NN døde 00/00/23 . Vi ønsker henne til minnelunden ved Haug kirke. Vi søker om symbolsk flytting av hennes mann NN født 00/00/00 døde 00/00/99 har gravplass på urnelund Haug kirkegård, så de får skilt på samme plass. Grunn er at det er problemer med stell av gravplass og veldig feil at de ikke skal være sammen nå. Håper at dette ordner seg. Hilsen NN

Symbolsk flytting er ei ordning av nyare dato, frå 01.01.03. kom denne endringa i gravplassforskriftene. § 21«*Gravplassmyndigheten kan gi tillatelse til at navn på person påføres gravminne på en eksisterende grav et annet sted enn der vedkommende er gravlagt. Navnet må da fjernes fra det opprinnelige gravminnet.»*

Ved etablering av namna minnelund dei siste åra, har det også kome spørsmål og søknader om symbolsk flytting til namna minnelund, dette har ein tidlegare fått nei til. Men departementet har seinare opna opp for at ein kan søkje om dispensasjon frå forskriftene

«Gravplassforskriften § 39 gir departementet hjemmel til å dispensere fra forskriftens bestemmelser. I de senere årene har enkelte gravplassmyndigheter søkt departementet om at det innenfor gitte rammer åpnes for å regulere navneflytting til navnet minnelund i egne, lokale gravplassvedtekter. Slike gitte rammer har gjerne vært at navneflyttingen begrenser seg til å omfatte navn på ektefelle/samboer/partner, i noen tilfeller også barn av avdøde. Departementet har i et titalls slike tilfeller innvilget søknaden om dispensasjon fra gravplassforskriften § 21. Det ligger til grunn at navnet på vanlig måte må fjernes fra det opprinnelige gravminnet.»

Hovedgrunnen for at ein har vist atterhald, er ynskje om å «halde igjen» på symbolsk flytting og halde fast på «siste kvilestad.» Ei auke i mobilitet, gjer også at ein har vore redd for at det ville bli svært mange spørsmål og søknader om dette flytting til namna minnelund. Det har også vore ei oppfatning enkelte plassar,

at namna minnelund skulle vere ein plass der ein sette opp namneplate når ein sletta eigne graver. Men auka informasjon og bruk av namna minnelund, har endra denne oppfatninga. Det kan også vere noko av grunnen til at departementet har opna opp for dette.

Men som det går det fram av forskrifta at det er vist til «gitte rammer» Ved symbolsk flytting til anna grav, set ikkje forskrift eller vedtekter noko avgrensing for antal namn. Medan det i dette tilfelle vert vist til «begrenser seg til å omfatte navn på ektefelle/samboer/partner, i noen tilfeller også barn av avdøde.»

Drammen kirkelig fellesråd har søkt om dispensasjon, og fått det innvilga, dette kjem fram av vedtektene:

«Jamfør dispensasjon fra Det Kongelige Kulturdepartement datert 29/9 2016 er det i navnet minnelund anledning til å påføre navn på ektefelle/samboer/partner og/eller navn på barn av avdøde på navneplate, selv om vedkommende er gravlagt på et annet sted. Navnene skal stå på samme navneplate og navnet må fjernes fra det opprinnelige stedet (symbolsk flytting).»

Vedtektene i Drammen viser også «gitte rammer» for symbolsk flytting til namna minnelund. Dette må også avklarast og innarbeidast i våre vedtekter, om vi får dispensasjon.

Eit anna forhold er også at auka bruk av minnelund, vil frigjere plass på gravplassane. Det er postivt, sjølv om vi framleis har god plass på alle.

Det er alltid argument for og imot slike endringar, og rokkar det ved «ført til siste kvile»?
Kirkevergen si vurdering er at når lovverket først har opna opp for symbolsk flytting, er det naturleg at det også er opning for det til namna minnelund. Kirkevergen vi difor tilrå å imøtekome søknaden.

## Framlegg til vedtak

1. Øvre Eiker kirkelige fellesråd opnar opp for symbolsk flytting til namna minnelund, og søkjer difor departementet om disposisjon frå forskriftene for å kunne gjennomføre det.
2. Om fellesrådet får dispensasjon frå forskriftene skal dette innarbeidast i gravplassvedtektene, dette vert lagt fram i neste møte.
3. Framtidige søknader vert difor handsama av fellesrådet i tråd med dei føringar som vert gjeve av departementet, om søknaden vert positiv handsama.

## Møtebehandling

## Vedtak

# DEN NORSKE KIRKE
Øvre Eiker kirkelige fellesråd

| | |
|---|---|
| Dato: | 24.03.2023 |
| Arkivsak | 23/00014 |
| Dokumentnummer: | 23/00014-001 |
| Arkivkode: | 133 |
| Saksbehandler: | Oddvar Etnestad |

| Saksnr | Sak | Møtedato |
|---|---|---|
| 006/23 | Årsmelding og rekneskap for 2022 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd | 30.03.2023 |

## Saksfremstilling

Viser til vedlagt rekneskapsrapport for 2022 for Eiker kirkelige fellesråd. Som tidlegare meldt og handtert i fellesrådet, så ville ein gå ut med eit meirforbruk i drifta i 2022. Rekneskapen viser meirforbruk på både driftsbudsjett og investeringsbudsjett.

Meirforbruk i drift skuldast auke i straumforbruk, straumsparingstiltak, grunnundersøkingar Vestfossen kirke, under budsjettering på lønn og kjøp av bil.

Meirforbruk på investering er største del tårn Bakke kirke. Elles som oversikta viser under, så vil noko av meirforbruket bli dekka inn, når prosjekta er ferdige og tilskudd frå Riksantikvaren(RA) vert utbetalt.

Meirforbruk på investeringsbudsjettet på kroner 524.177,33 er fordelt slik.

| | |
|---|---|
| Maling tårn Bakke kirke | 235.881,12 |
| Vestfossen urnelund | 53.764,61 |
| Haug kirke, forprosjekt skallsikring | 146.497,20(vil bli dekka inn av tilskudd frå RA i 2024) |
| Fiskum gamle kirke, forprosjekt | 49.502,40(vil bli dekka inn av tilskudd frå RA i 2023) |
| Eigenkapitalinnskudd KLP | 38.472,- |

Viser til vedlagt rekneskap og årsmelding for utfyllande informasjon. Viser også til økonomirapportar og budsjettrevisjon som vart gjennomført i 2022.

## Forslag til vedtak

1. Årsmelding for 2022 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert teke til vitande
2. Driftsrekneskapen for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert godkjent med eit meirforbruk på kroner 982.617,44. Dette skal dekkast inn av disposisjonsfondet.
3. Investeringsrekneskapen for Øvre Eiker kirkelige fellesråd vert godkjent med eit udekka meirforbruk på kroner 524.177,33. Dette vert dekka inn av disposisjonsfondet

# Årsmelding for 2022 for Øvre Eiker kirkelige fellesråd

**Fiskum gamle kirke**





**Vestfossen urnelund**

# 1 FORORD

Kyrkja i Øvre Eiker vil gjerne møte folk i alle aldre, alle samfunnslag og i ulike fasar i livet. Vi møter folk i glede og sorg og vi ynskjer at «Kirken i Øvre Eiker» skal være ei kyrkje der all som ynskjer å ta del skal kjenner seg velkomne. Det er tilbod til barn og unge gjennom trosopplæringstiltak, kor og konfirmantarbeid. Det er også kor og ulike aktiviteter for voksne. Menighetene møtes til gudsteneste og ulike samlingar. 2022 er det første året utan pandemi, men utifrå oppslutnad, så er det eit stykke igjen endå, til ein er på nivå oppslutnad som ein hadde før pandemien.

Tunsberg bispedømme har nå «Mer himmel på jorda» som visjon for sitt arbeid. Denne visjonen jobber også Øvre Eiker kirkelige fellesråd for å virkeliggjøre i bygda. Kirken skal være med å spenne en himmel over menneskers liv. Visjonen er den samme i anderledesåret 2021 og kirka har jobbet med å finne muligheter til å nå ut til bygdas befolkning. Vi håper at kirka har vært synlig på en annen måte. Men vi må si at vi ser fram til å kunne møtes uten begrensninger.

# 2 FELLESRÅDETS VIRKSOMHET

Øvre Eiker er inndelt i fire sokn, Haug, Vestfossen, Bakke og Fiskum. Hvert sokn har et folkevalgt menighetsråd som har som hovedoppgave «å vekke og nære det kristelige liv i soknet»

Det er to representantar frå kvart av menighetsråda i fellesrådet, i tillegg til prost og ein kommunal representant. Kirkevergen er daglig leiar i fellesrådet som skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide mål og planar for verksemda og ivareta kommunikasjon med kommunen. Ei sentral oppgåve for fellesrådet er forvaltning av kirkene og arbeidsgiveransvaret for alle tilsette i kirkelig fellesråd.
I tillegg er fellesrådet gravferdsmyndighet for alle kommunens innvånere og har ansvaret for drift og vedlikehald av gravplassane.
Det økonomiske ansvaret til kommunen er nedfelt i Trossamfunnsloven § 14. Øvre Eiker kommune tildeler tilskudd i tillegg til tenester som er nedfelt i tenetseytingsavtale, som no er under revisjon.

**Øvre Eiker kirkelige fellesråd 2021**

| Representant for | Medlem | Varamedlem |
|---|---|---|
| Haug menighetsråd | Frank Eugen Vrabel<br>Ola Nordli Johansen | Atle Dye<br>Espen Hæg |
| Fiskum menighetsråd | Anton Lundteigen<br>Vivian Furuseth Kaasa | Mona Urdalen<br>Nina Vesthaug Bjerknes |
| Vestfossen menighetsråd | Tone Bogen<br>Torbjørn Sylte | Aslaug Mustvedt Østerud<br>Pernille Hartvedt Skistad |
| Bakke menighetsråd | Borghild Lobben<br>Lone Husby Flaten | Terje Rydgren<br>Teodor Martin Lobben |
| Prost | Erik Haualand | Anne-Jorun Bakken |
| Kommunens representant | Håvard Lind | Svein Ludvig Larsen |

Fellesrådets leder i 2022 har vore Lone Husby Flaten og Torbjørn Sylte som nestleder.

Fellesrådet har i 2022 hatt 5 møter og behandla 41 saker.
De viktigste sakene fellesrådet har jobbet med er følgende:

- Arbeide for et forsvarlig driftsbudsjett for kyrkjer og kirkegårder
- Personalforvaltning og rekruttering (med bl.a. tilsetting av kirketjenere/gravplassarbeidere.
- Vedlikehold av kirkebygninger og kirkegårder
- Avklare grunnforhold og etablere Vestfossen urnelund
- Male tårn på Bakke kirkee
- Avklare eigarskapen til Fiskum gamle kirke.

## 3 PERSONELL

Dei tilsette er dei viktigste ressursene virksomheten råder over og fortjener stor oppmerksomhet. Budsjettmessig går om lag 70 % av driftsbudsjettet til personalrelaterte kostnader.

I 2022 var følgende ansatt i arbeidet med barn og unge: Kay-Morten Aarskog som undervisningsleder i 100 % stilling, han har 15 % studiepermisjon. Menighetspedagog Linn Margrethe Sollie Hardang i 100 % stilling, kantor JeeYoung Park har 20 % stilling i trosopplæringsarbeidet rettet mot korarbeid og babysang og menighetspedagog Ruth Irene Thorkildsen har 20 % stilling i trosopplæringsarbeidet.

Grunna vakanse i prestestillinga har 2022 blitt eit noko annleis år på mange områder, mange har trådd til og lagt inn ekstra innsats for å få dette til. Det har vore utfordrande og det har gått utover andre oppgåver. For Kay-Morten som er hovedansvarleg for konfirmantarbeidet har dette særleg blitt mykje ekstra. Sjå eiga melding under.

Linn Margrethe Sollie Hardang jobber 100 % som menighetspedagog. Ho har ansvar for planlegging og gjennomføring av trusopplæringstiltak i alle fire sokna, samarbeid med frivillige og hovedleiar for Mikrosing, Minising og Øvre Eiker Ten Sing JoySing. Kapellan Sissel Alsvik Øygarden vore med som voksenleiar i JoySing. Kantor JeeYoung Park har 20 % stilling i trosopplæringsarbeidet rettet mot korarbeid i Fiskum og babysang. Menighetspedagog Ruth Irene Thorkildsen har 20 % stilling med administrative trosopplæringsoppgaver og gjennomføring av ulike trosopplæringstiltak.

På det kirkemusikalske området har kantor Abram Bezuijen 100 % stilling og et koordineringsansvar for kirkemusikerne. JeeYoung Park har 50 % kantorstilling. Wiggo Nilsson har 40 % stilling som organist. Kirkemusikerne er ikkje knytt til ei kyrkje, men alle spelar i alle kyrkjene. Viser til eiga melding under.

Ann Kristin Eidsvåg er diakon i 100 % stilling på 2. året. Ein mottek om lag 50 % i tilskot til stillinga frå bispedømmet. Sjå eige avsnitt om diakoni.

Ruth Thorkildsen har 80 % og Ellen Fagerlid 20 % stilling som menighetssekretær, med ansvar for sentralbord, med påmeldingar, føre e-kirkebok, følge opp regnskap for menighetsråd, post mm. Ruth har også hovedansvaret for å følge opp menighetsbladet og heimesida.

Mette Solberg er i 100 % stilling som saksbehandlar med ansvar for gravferdsforvaltning oppfølging av økonomi, HMS, regleement, rutiner og ymist anna etter avtale med kirkevergen. Kari Aasen Ingebo som har vore kirkevergen sidan 2016 hadde sin siste arbeidsdag 31.01. og ny kirkeverge, Oddvar Etnestad starta i stillinga 01.02.

Det er 5 årsverk, fordelt på 6 stillingar, som arbeider som gravplassarbeidere/kirketjenere. Der er allsidige oppgåver og mykje å rekke over i dei ulike sesongane. Det vert tilsett noko ekstrahjelp om sommaren. Alle jobbar både ute og inne, men fordelinga er noko ulikt. Etter å ha vore engasjert som

vikarar, vart Harald Martiniussen og Bente Ovnerud tilsette i 50 % stilling kvar frå 01.04. I tillegg arbeider Jon Skistad, Torun Jakobsen, Marita Jørgensen og Rune Gislerud som også er driftsleder. Mihret YowhanS er tilsett i 20 % stilling som reinhaldar av kontor og Haug kirke.

Fellesrådet har også i 2022 hatt samarbeid med NAV om arbeidstrening, med arbeid på kyrkjer og kyrkjegarder.

Fellesrådet har ansvar for kontorhald for prestane og prost, men 2022 har vore prega av vakanse og ledige kontor. Ein har ikkje fått ny kapellan på plass etter at Olafur Arnaldsson slutta ved nyttår, det kom heller ikkje inn ny prostiprest etter at Eli Flåten slutta som prostiprest. Vakansen har vore dekka opp av vikarar, og ikkje minst Svein Ludvik Larsen har vore ei viktig brikke i dette! Men det har blitt ekstra arbeid og ansvar på sokneprest Anne-Jorun Bakken og kapellan Sissel Alsvik Øygarden. Fellesrådstilsette har også bidrege for å få dette til. Så hadde Erik Haualand sin siste arbeidsdag som prost 13. desember. Bispedømmet har gjort vedtak om vurdering av prostistrukturen, og difor vert stillinga ikkje lyst ut, og Lise Kleiven, sokneprest i Sigdal har gått inn som fungerande prost. Prosten har personalansvaret for prestane, og det er eit godt samarbeid mellom prost og kirkeverge for å få til ei god samhandling. Alle tilsette arbeider i alle sokna.

**Kirken i Øvre Eiker har i 2022 hatt følgende personalressurser:**

| **Stillingstype** | **Stillings prosent** | **Antall ansatte** | **Arbeidsgjevar** |
|---|---|---|---|
| Prost<br>Prester | 100<br>350 - 200 | 1<br>4 - 2 | rDNK/Bispedømmet |
| Diakon | 100 | 1 | Fellesråd |
| Kateket/ undervisningsleder | 100 | 1 | Fellesråd |
| Menighetspedagog | 100+20+20 | 3 | Fellesråd |
| Kantor & organister | 100+50+40 | 3 | Fellesråd |
| Gravplassarbeider/ kirketjenere | 500 | 6 | Fellesråd |
| Menighetssekretær | 80+20 | 2 | Fellesråd |
| Renholder | 20 | 1 | Fellesråd |
| Saksbehandler kirkevergekontoret | 100 | 1 | Fellesråd |
| Kirkeverge | 100 | 1 | Fellesråd |
| | | | |

Fellesrådet ønsker også å fremheve de mange frivillige som utfører viktige oppgåver. Lag og foreninger er med på dugnader og bidrar ved ulike arrangement. Klokkertjenesten, en tjeneste spesielt nevnt i kirkeloven, vert ivareteke av frivillige, vidare utfører kirkevertane ei viktig oppgave i kyrkjene.

Mykje av arbeidet vårt ville ikkje fungert eller vere råd å få til utan innsats frå mange frivillige. Så er det også verdt å erkjenne at her har vi ein jobb å gjere med å rekruttere fleire frivillige.

## 3 ØKONOMI

Kirkelig fellesråds sin største ressurs og utgift er alle tilsette. I tillegg til drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar, samt utgifter til administrasjon og kontorhald.

Driftsregnskapet viser eit meirforbruk på kr. 982.617,44 Det vart lagt til grunn eit meirforbruk då budsjettet vart vedteke, og dette vart seinare justert opp i samband med budsjettrevisjonen.

Inntektene i driftsbudsjettet er i hovedsak den kommunale løyvinga til gravferdsdrift og kyrkjelege formål i 2022 på kr 9.585.000 Frå Den norske kyrkja fekk ein tildelt 1.812.347,- og gjelder tilskudd til lønnsutgifter for diakonen på kr. 350.000, og sekretær for prost og trosopplæringstilskudd på kr. 1.387.000,-

I 2022 er det innbetalt kr. 1.103.425 i festeavgift,

Løn og sosiale kostnader utgjer samla 10.529.843,- Som tidlegare meldt, har det vore underbudsjettert på lønskostander.

I utgangspunktet var det ikkje sett av investeringsmidlar i 2022, men det vart overført midlar frå 2021 grunna av utsette prosjekt. Så vart det også løvd investeringsvart det det overført ein del midlar frå 2021

Det største prosjektet som vart gjennomført i 2022, var Vestfossen urnelund, arbeidet vart utsett grunna usikkerhet om grunnforholda, dette medførte ei utgiftsauke. Ferdigbefaring vart gjennomført 25. oktober, 15.12. mottok statsforvaltaren søknad om godkjenning og 16.01. mottok vi godkjenning frå statsforvaltaren på godkjenning. Det er blitt ein svært flott minnelund!

Så vart tårnet i Bakke kirke gjennomført, dette har også vore på planen ei stund. Det var sett av 700.000,- til prosjektet. Her fekk ein også eit meirforbruk. Ein planla arbeidet med lift, men grunna mykje skrapearbeid, og noko utskifting av materiale, ville det ligge til rette for betre resultat og arbeidsforhold med stillas. Men det vart ein høgare kostnad sjølv om vi disponerer ein god del stillas sjølv. Vidare var det behov for å skifte ut 6 vindu i tårnet som var i ein svært dårleg forfatning. Så til slutt måtte ein bygge noko ekstra stillas for å vøle vidu oppe i tårnet som skal ha stått knust i mange år. Samla utgjorde dette eit meirforbruk på 235.881,-

Vidare fekk ein endeleg starte opp arbeidet med driftsbygget Haug kirkegård, men vart ikkje ferdigstilt før i 2023.

Så vart eigarforhold av Fiskum gamle kirke avklart, her fekk ein etter søknad tildelt midlar til forprosjekt murverk og skallsikring. Her fekk ein løyving av Øvre Eiker kommune til å dekke eigenandel på 40 %, dette vert ikkje avslutta i 2023.

Ein fekk også tildelt etter søknad midlar til forprosjekt murverk Haug kirke, her har ein ikkje fått tildelt midlar frå kommunen og har difor fått utsett ferdigstilling til 2024. Då kan ein evt dekke inn eigeninnsats på investeringsmidlar i 2024.

## 4 GUDSTJENESTER OG KIRKELIGE HANDLINGER

Medlemstallet held seg stabilt, reduksjon på 2 personar i forhold til 2021.

2022 har vore gjennomført utan coronatiltak, men som øvrig kulturliv, så tek det tid å kome på plass med oppmøte og tilslutning om tilbod og aktivitetar.

Det har vore gjennomført 137 gravferder/bisettelser, og det var 9514 personer til stede under seremoniane, tilsvarande tal for 2019 var 136 seremoniar og 11246 personar tilstades. Dette er trenden. Det vart i 2022 satt ned 83 kister og 64 urner på kirkegårdene våre, det betyr at ca. 38 % er bisettelser.

Det har vært gjennomført 117 dåp, dette er høgare tal enn før pandemien, så det kan ha samanheng med både utsettingar og høge fødselstal i 2021. Dette er den einaste oppslutnaden som er høgare enn før pandemien. Antal konfirmantar varierer ofte i takt med antal ungdommar, viser her til årsmeldinga under om Barne og Ungdomsarbeid. Antall vigsler er 15 i 2022, men vi er ikkje oppe på tal før pandemien endå.

Det er markant nedgang i totalt deltakarar gudstenester, men det er også nedgang på tal gudstenester, så her må ein sjå på snitt deltakande for å få eit presist bilde.

| ÅR | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|---|---|
| Medlemmer | 13 233 | 13 316 | 13 395 | 13450 | 13448 |
| Gudstjenester | 163 | 171 | 126 | 159 | 148 |
| Gudstjenester søn- og helligdag | 133 | 135 | 110 | 122 | 120 |
| Gudstjenester andre dager | 30 | 36 | 16 | 37 | 28 |
| Deltagere på gudstjenestene | 14 419 | 13 796 | 6122 | 6939 | 10057 |
| Delt. Konsert og kulturarr. | 4 220 | 4 884 | 820 | 1604 | 3463 |
| Gravferder | 145 | 136 | 124 | 132 | 137 |
| Deltakere i gravferder | | 11 246 | 6 122 | 6196 | 9514 |
| Vigsler | 19 | 19 | 11 | 13 | 15 |
| Deltakere i vielser | 1 251 | 1 191 | 403 | 730 | 1075 |
| Døpte | 110 | 100 | 96 | 111 | 117 |
| Konfirmanter | 138 | 127 | 105 | 127 | 122 |

## 5 BARN OG UNGDOMSARBEID

I 2022 var følgende ansatt i arbeidet med barn og unge: Kay-Morten Aarskog som undervisningsleder i 100 % stilling, menighetspedagog Linn Margrethe Sollie Hardang i 100 %; kantor JeeYoung Park har 20 % stilling i trosopplæringsarbeidet rettet mot korarbeid og babysang; menighetspedagog Ruth Irene Thorkildsen har 20 % stilling i trosopplæringsarbeidet.
Vi gjennomfører normalt alle landsdekkende trosopplæringstiltak i tillegg til egne lokale tiltak.

I 2022 har vi jobbet videre med å bedre samlokalisering for TOL tiltak, og fått god respons på dette. Vi startet høsten 22 med Supertorsdag som både er et diakonalt tilbud med middag og felleskap, og en mulighet til å gjennomføre felles utdeling av bøker og andre tiltak. Det å samle ressurser og

deltakere gir tilbudene større bredde, høyere kvalitet på faglig innhold og mer trivsel for barna som deltar. I kombinasjon med Supersøndag, tror vi at dette er en godt egnet ramme for videreutvikling av arbeidet.
Som et høydepunkt vil vi løfte frem lys våken og lys levende/MILK som en stor suksess. Vi hadde et tak på antall deltakere, noe som gjorde at vi kunne tilby et godt tilpasset opplegg for begge målgrupper.

Konfirmasjonsundervisningen har i 2022 blitt gjennomført med leir og ulike tema grupper som møtes ca. hver 3. uke. Det er svært god oppslutning i forhold til antall medlemmer, med 137 konfirmanter og 151 i målgruppen som gir litt over 90% deltakelse. Dersom vi ser på oppslutning mot årskullet som helhet, havner vi derimot på ca. 65%. Det er omtrent 13% over landsgjennomsnittet. Evalueringen midtveis viser svært fornøyde konfirmanter, rundt 90% svarte at det var som forventet eller bedre enn forventet.

Tensing + satsningen har ikke utviklet seg videre i 2022. Den er heller gått noe tilbake i oppslutning og tilbud. Det er en kjernegruppe på 5-6 ungdommer som trives svært godt. Men vi jobber med evaluering og tverrfaglig planlegging på hvordan vi skal utvikle arbeidet fremover.

Det har i 2022 vært endel utfordringer også. Samarbeidet med prestene er godt, men preget av vakanse og manglende ressurser. Særlig i konfirmantarbeidet har fellesrådsansatte tatt en uforholdsmessig stor del av arbeidet og dekket opp for både den vakante kapellan stillingen og at de gjenværende prestene måtte prioritere andre oppgaver

Vi vil også løfte frem at det er god grunn til å være stolt av de frivillige som er med å skape et flott tilbud til barn og unge i kirka i øvre eiker i tett samarbeid med ansatte. Vi kunne ikke gjennomført aktivitetene uten de dyktige og trofaste frivillige som stiller opp år etter år.


Lys våkeen i Vestfossen kirke.

22.02.23.
Undervisningsleder

## 6 KIRKEMUSIKK

Øvre Eiker Kirkelige Fellesråd har følgende kantor stillingene: kantor Abram Bezuijen 100% stilling, organist Wiggo Nilsson 40%, kantor JeeYoung Park har 70 % stilling, der 20 % er tilknytt til trosopplæring.
Vi kan vel si at 2022 var en opptur etter to år med avlyste arrangementer og gudstjenester. Korene har i løpet av 2022 kommet godt i gang. Rusticus hadde en vår konsert i Juni med

Kate Gulbrandsen som solist. Denne konserten var godt besøkt. Høsten 2022 hadde Rusticus en tidlig advent / julekonsert. For første gang etter 11 år hadde Abram permisjon fra Rusticus og det var Jan Morten Helgestad som ledet damekoret fra Skotselv høstsesongen.

Eiker Prosjektkor hadde på vårparten to fine fremføringer med Mozarts vakre Requiem; i Vestfossen kirke og Sandefjord kirke. Ved siden av koret deltok 4 proffe sangsolister. Sopran Tone Braaten, Mezzo var Anne Carolyn Schlüter, Tenor Kjetil Støa og Bass var Magen Fremmerlid. Vi hadde to pianister; vår JeeYoung Park og Sun-young Ju-Friedensburg. Høsten øvde Eiker Prosjektkor inn Händels Messias, med en konsert den 12.desember. Barokk orkester, dirigent Svein Rustad, orgel Abram, og fire proffe sangsolister. Sopran Hanna Agnete Pold, Alt Ingeborg Soot, Tenor Vidar Hellkås og Baryton Sakarias Tranvaag. Det ble en herlig konsert med 220 publikummere. Eiker kammerkor sang to konserter på Allehelgen, i Jar kirke og dagen etter i Vestfossen kirke. Vår egen kantor JeeYoung Park spilte klaver, og vi hadde med oss solistene sopran Lydia Hoen Tjore og bass Magne Fremmerlid. Haug klang har en pause.

JeeYoung har dirigert Fiskum kirkes barnekor og har hatt babysang. JeeYoung har deltatt på formiddagstreff på Solhaug, samt sangandakter på Haugløkka. Videre har hun spilt til kirkelige handlinger, samt noen konserter med mer.

Wiggo har spilt til kirkelige handlinger, andaktene i Vestfossen kirke og på Eikertun, samt formiddagstreff i Vestfossen.

Abram er dirigent for Rusticus, Eiker prosjektkor og Eiker kammerkor (sistnevnte på prosjektbasis) Videre spiller Abram til kirkelige handlinger og er med på Eikertun og Fredagstreffet i Haug diakonatet. I 2022 ble det igjen Lessons & Carols fjerde søndag i advent. Etter noen år i dvale har vi færre besøkende enn tidligere, dette må innarbeides igjen. Ellers så ble gudstjenesteåret preget av vikarer og færre gudstjenester som vanlig grunnet mangler på prester.

**Rusticus** 12 medlemmer **Haug Klang** 10 medlemmer, men har hatt korpause.
**EikerProsjektkor** 45 medlemmer **Eiker Kammerkor** 32 medlemmer
**Fiskum kirkes barnekor** 8 medlemmer
Barnekorene Mini- og Microsing samt Ten Sing vil bli nevnt i andre årsmeldinger.

I 2022 har vi hatt en del orgelkonserter i Haug kirke med organister fra inn- og utlandet. Vi avsluttet vår serie hvor alle 11 Norske Domorganister har spilt i Haug kirke, det var domkantor Trond Våge som avsluttet serien, aldri skjedd før at alle domorganister har konsertert i en og samme kirke i en serie. Ellers hadde vi besøk fra Torkild Baden (sammen med Abram), Halgeir Schiager, Ellinor Grimnes, Prof Lesieur fra Litauen, Prof. Manuel Tomadin fra Italia, og Gedymin Grubba fra Polen. Abram fremførte Bachs Goldberg variasjoner i både Fiskum og Haug kirke, og Abram og JeeYoung spilte en orgelduo konsert sammen i Fiskum kirke.



Vi har hatt noen møter i kirkemusikk utvalget og vi jobber sammen frem et kirkemusikkplan, med et års-hjul for hele Øvre Eiker. Dette er et kontinuerlig arbeid og håper vi klarer å legge det frem i 2023.

Hokksund 19.03.2023
Kantor Abram Bezuijen

1.10.22. var det 25 år sidan Abram starta som kantor i Øvre Eiker

## 7 DIAKONI



